

BRUKARUTVALET I HELSE MØRE OG ROMSDAL HF

Protokoll nr. 04/14

Møte 05.05.14.

Tilstades: X

Medlemmer:

- X Karsten Aak, leiar
- X Hanne-Lilian Søvik, nestleiar
- X Kåre Steinsvik
- X Hilde Marie Kleiven
- X Ingrid Løset
- Ann Helene Skare
- X Torbjørn Vorpenes
- X Inger Nossen Sandvik
- X Jakob Strand
- X Astrid J Eidsvik

Varamedlemmer:

- X Atle Tangen
- Daniel Ask
- Frank Johnny Svendsen
- Kjell Inge Skarbø
- Norunn Heggebakk Steinnes

Administrasjonen:

Andre:

Elin K Mølvær Dybvik frå akuttmottaket

Sekretariatet:

Helse Møre og Romsdal HF v/konsulent Randi Spjelkavik Ramnefjell

Fråvær:

Ann Helene Skare

Møtet i Brukarutvalet for Helse Møre og Romsdal HF vart halde på Ålesund sjukehus, adm. – styrevernet og starta kl. 10.00.

Karsten Aak leia møtet og ønska alle velkomne.

Endring i saksliste:

Brukarutvalet for Helse Møre og Romsdal HF behandla følgjande saker:

**BU 2014/26 GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE
UNDERSKRIFT AV PROTOKOLL NR. 03/14 frå møte 24.03.14.**

Innstilling:

Brukarutvalet for Helse Møre og Romsdal HF godkjenner innkalling og saksliste til møte 05.05.14.

Vedtak:

Brukarutvalet for Helse Møre og Romsdal HF godkjenner innkallinga og saksliste til møtet 05.05.14.

Brukarutvalet skreiv under protokoll nr. 03/14 som vart godkjent i møte 24.03.14.

BU 2014/27 ORIENTERINGSSAKER

Innstilling:

Brukarutvalet for Helse Møre og Romsdal HF tek orienteringssakene til etterretning.

1. Avviksmelding frå Kvalitets og pasientsikkerheitsutvalet (KPU)
2. Spørsmål frå Torleif Hjellset vedrørande ny brukarrepresentant til prosjekt samanslåing – med.int./kir.int.
3. Orientering frå Elin K. M. Dybvik v/akuttmottaket vedrørande logistikk ved akuttmottaket
4. Resolusjon frå årsmøtekonferansen til FFO Møre og Romsdal 04 - 05 april 2014
5. Oppfølging av sakar frå Avdeling for drift og eigedom:
 - HC - parkering (merking, skilting og tilgjenglighet)
 - Serveringstilbod for pasientar og pårørande etter kjøkken/kiosk/kantine er stengt
6. Orientering frå fellesmøte for brukarutvala 28.04.14.
7. Orientering om jubileumsforlesning for lærings- og meistringssenteret hjå Ålesund sjukehus 09. mai 2014.
8. Protokoll frå Arbeidsutvalet i Regionalt Brukarutval 26.03.2014

Protokoll:

1. Brukarutvalet for Helse Møre og Romsdal HF, ber om at det snarast vert sett i verk tiltak for å betre tilhøva hjå avdeling for alderspsykiatri og vaksnehabilitering VOHA N/R

Det må tilretteleggast med gode toalettforhold og moglegeheiter for stell av funksjonshemma på ein respektfull og verdig måte.

2. Johannes Vaag stiller som brukarrepresentant til prosjekt samanslåing – med.int./kir.int.
3. Brukarutvalet Helse Møre og Romsdal HF tek saka til orientering.
4. Brukarutvalet Helse Møre og Romsdal HF viser til rapport frå Helse Midt-Norge RHF om habilitering, rehabilitering og resolusjon frå årsmøtekonforeansa til FFO 2014 samt behandling på Regionalt brukarutval sitt møte 28.04.2014. Brukarutvalet Helse Møre og Romsdal HF krev at styret i regionalt helseforetak opnar for at brukarorganisasjonar, brukarutval, paraplyorganisasjonar, og styra i dei regionale helseforetaka får anledning til å innlevere høyringsvar til rapporten.
5. Brukarutvalet Helse Møre og Romsdal HF viser til sak BU 2014/22 frå møte i Brukarutvalet den 24.03.14, samt svarbrev datert 01.05.14. Brukarutvalet Helse Møre og Romsdal HF kan på vegne av brukar og pårørande ikkje sei seg nøgd med tilbakemeldinga frå Drift og eigedomssjef Mona Aagaard-Nilsen, då dette ikkje godt nok ivaretek pasientens behov for tilbod om mat og drikke hjå dei ulike sjukehusa i helseforetaket. Brukarutvalet Helse Møre og Romsdal HF ber om at helseforetaket iverksetter rutinar som ivaretek desse utfordringane omgåande.
6. Karsten Aak informerte frå fellesmøte for brukarutvala 28.04.14. Han påpeika at det var dårleg oppmøte frå Brukarutvalet Helse Møre og Romsdal HF. Han minner om at det skal vere konferanse i Regionalt Brukarutval 03-04 november, og oppfordrar alle om å delta på dette.
7. Kåre Steinsvik representerer Brukarutvalet Helse Møre og Romsdal HF på jubileumsforlesning for lærings- og meistringssenteret hjå Ålesund sjukehus 09. mai 2014.
8. Brukarutvalet Helse Møre og Romsdal tek protokollen frå Regionalt Brukarutval til orientering.

Vedtak:

1. Brukarutvalet for Helse Møre og Romsdal HF, ber om at det snarast vert sett i verk tiltak for å betre tilhøva hjå avdeling for alderspsykiatri og vaksnehabilitering VOHA N/R

Det må tilretteleggast med gode toalettforhold og moglegeheiter for stell av funksjonshemma på ein respektfull og verdig måte.

2. Johannes Vaag stiller som brukarrepresentant til prosjekt samanslåing – med.int./kir.int.
3. Brukarutvalet Helse Møre og Romsdal HF tek saka til orientering.
4. Brukerutvalet Helse Møre og Romsdal HF viser til rapport frå Helse Midt-Norge RHF om habilitering, rehabilitering og resolusjon frå årsmøtekonforensa til FFO 2014 samt behandling på Regionalt brukarutval sitt møte 28.04.2014. Brukarutvalet Helse Møre og Romsdal HF krever at styret i regionalt helseforetak opnar for at brukerorganisasjonar, brukarutval, paraplyorganisasjonar, og styra i dei regionale helseforetaka får anledning til å innlevere høringssvar til rapporten.
5. Brukarutvalet Helse Møre og Romsdal HF viser til sak BU 2014/22 frå møte i Brukarutvalet den 24.03.14, samt svarbrev datert 01.05.14. Brukarutvalet Helse Møre og Romsdal HF kan på vegne av brukar og pårørande ikkje sei seg nøgd med tilbakemeldinga frå Drift og eigedomssjef Mona Aagaard-Nilsen, då dette ikkje godt nok ivaretek pasientens behov for tilbod om mat og drikke hjå dei ulike sjukehusa i helseforetaket. Brukarutvalet Helse Møre og Romsdal HF ber om at helseforetaket iverksetter rutinar som ivaretek desse utfordringane omgåande.
6. Karsten Aak informerte frå fellesmøte for brukarutvala 28.04.14. Han påpeika at det var dårleg oppmøte frå Brukarutvalet Helse Møre og Romsdal HF. Han minner om at det skal vere konferanse i Regionalt Brukarutval 3-4 november, og oppfordrar alle om å delta på dette.
7. Kåre Steinsvik representerer Brukarutvalet Helse Møre og Romsdal HF på jubileumsforlesning for lærings- og meistringssenteret hjå Ålesund sjukehus 09. mai 2014.
8. Brukarutvalet Helse Møre og Romsdal tek protokollen frå Regionalt Brukarutval til orientering.

BU 2014/28 ORIENTERING OM SAKER TIL STYREMØTE 07.05.14.Innstilling:

Brukarutvalet for Helse Møre og Romsdal HF tek styresakane som blir lagt fram for behandling i styret for Helse Møre og Romsdal HF i møte 07.05.14., til orientering.

Vedtak:

Brukarutvalet for Helse Møre og Romsdal HF tek styresakane som blir lagt fram for behandling i styret for Helse Møre og Romsdal HF i møte 07.05.14., til orientering.

BU 2014/29 STATUSRAPPORTERING PR 31.03.2014 – AKTIVITET – ØKONOMI OG KVALITETInnstilling:

Vedlagt følger styresak 2014/30 – Statusrapportering pr 31.03.2014 – Aktivitet – Økonomi og Kvalitet

Styret skal behandle saka i styremøtet 07.05.14.

Forslag til vedtak:

Brukarutvalet for Helse Møre og Romsdal HF tek Administrerande direktør si innstilling til styret i sak 2014/30 – Statusrapportering pr 31.03.2014 – Aktivitet – Økonomi og Kvalitet til orientering.

BU 2014/30 IDÈFASE - SJUKEHUSET I NORDMØRE OG ROMSDAL (NSR)Innstilling:

Vedlagt følger styresak 2014/31 – Idèfase - sjukehuset i Nordmøre og Romsdal (NSR).

Styret skal behandle saka i styremøte 07.05.14.

Protokoll:

Idèfasen omhandlar:

- Tomtevalet, der Helse Møre og Romsdal HF er ansvarlig for å gjere arbeidet fram til tilråding til vedtak.

- Innholdet i det nye sjukehuset. Det har blitt gjort klart at det skal være det same innholdet, uavhengig av tomteval.

Vedtak:

Brukarutvalet Helse Møre og Romsdal minner om tidlegare vedtak, der funksjonar, kvalitet og robuste fagmiljø er viktigare enn nærleik til tilbodet dersom ein må velje.

**BU 2014/31 RAPPORTERING PÅ STYRINGSdokUMENT OG
FØRETAKSPROTOKOLL ETTER 1. TERTIAL**

Innstilling:

Vedlagt følgjer styresak 2014/32 – Rapportering på styringsdokument og føretaksprotokoll etter 1. tertial.

Styret skal behandle saka i styremøte 07.05.14.

Vedtak:

Brukarutvalet for Helse Møre og Romsdal HF tek Administrerande direktør si innstilling til styret i sak 2014/32 – Rapportering på styringsdokument og føretaksprotokoll etter 1. tertial, til vitande.

**BU 2014/32 RAPPORT FRÅ FORPROSJEKT: «ORGANISATORISK
INTEGRERING AV AMBULANSE MIDT-NORGE HF»**

Innstilling:

Vedlagt følgjer styresak 2014/33 – Rapport frå forprosjekt: «Organisatorisk integrering av Ambulanse Midt-Norge HF».

Styret skal behandle saka i styremøte 07.05.14.

Vedtak:

Brukarutvalet Helse Møre og Romsdal HF viser til tidlegare vedtak i sak BU 2014/22 i møte 24.03.14.

Brukarutvalet for Helse Møre og Romsdal HF tek Administrerande direktør si innstilling til styret i sak 2014/33 – Rapport frå forprosjekt: «Organisatorisk integrering av Ambulanse Midt-Norge HF», til orientering

BU 2014/33 ENDRING AV LOKALSJUKEHUSTILKNYTNING FOR SANDØY KOMMUNE

Innstilling:

Vedlagt følger styresak 2014/34 – Endring av lokalsjukehustilknytning for Sandøy kommune.

Styret skal behandle saka i styremøte 07.05.14.

Vedtak:

Brukarutvalet for Helse Møre og Romsdal HF sluttar seg til Administrerande direktør si innstilling til styret i sak 2014/34 – Endring av lokalsjukehustilknytning for Sandøy kommune.

BU 2014/34 SAMHANDLINGSREFORMA – KONSEKVEN SAR FOR ORGANISERING AV DRIFTA

Innstilling:

Vedlagt følger styresak 2014/35 – Samhandlingsreforma – Konsekvensar for organisering av drifta.

Styret skal behandle saka i styremøte 07.05.14.

Vedtak:

Brukarutvalet for Helse Møre og Romsdal HF ber om at styret i helseforetaket, arbeidar vidare med å identifisere og prioritere samhandlingsområder. Dette bør gjerast i nært samarbeid mellom helseforetak og kommunane i fylket.

BU 2014/35 EVENTUELT

- Reiserekning/honorering for brukarrepresentantar som ikkje sit i brukarutvalet.
- Honorar ved innledning eller kursmedansvarlig

Vedtak:

Informasjon om reglar, takster, adresseliste samt reiserekningar, vert sendt ut til alle brukarrepresentantar.

Brukarutvalet Helse Møre og Romsdal HF ber om å få en ny gjennomgang om møtegodgjersle for brukarrepresentantar i Helse Midt –Norge RHF, dette med tanke på likheitsprinsippet.

BU 2014/36 GODKJENNING AV PROTOKOLL NR. 04/14 FRÅ MØTE 05.05.14.

Innstilling:

Brukarutvalet for Helse Møre og Romsdal HF godkjenner protokoll nr. 04/14 frå møte 05.05.14.

Vedtak:

Brukarutvalet for Helse Møre og Romsdal HF godkjenner protokoll nr. 04/14 frå møte 05.05.14.

Møtet slutt kl. 14:23

Ingrid Løset

Hilde Marie Kleiven

Kåre Steinsvik

Hanne-Lilian Søvik

Jakob Strand

Atle Tangen

Karsten Aak

Torbjørn Vorpenes

Inger Nossen Sandvik